

Lov for Bundeungdomslaget i Harstad

Vedtatt av årsmøtet på Tonehuset 21 januar 2001

§ 1 FORMÅL

1. Bundeungdomslaget (BUL) i Harstad er eit frilyndt lag der barn, ungdom og voksne kan drive med meingsfylte og allsidige fritidsaktivitetar. Arbeidet skal vere i samsvar med formålet og prinsipp-programmet til Noregs Ungdomslag.
2. Laget skal vere aktiv medspelar i utvikling av eit levande og godt nærmiljø for alle aldersgrupper i Harstad-området.
3. Laget skal legge vekt på samarbeid med andre ungdomslag, fylkeslaget og Noregs Ungdomslag for å styrke sams kulturelle og økonomiske formål.
4. Laget skal minst ein gong kvar måned i vinterhalvåret skipe til møte med foredrag, ordskifte, opplesing, song, spel og leik og andre samkomer som leikkveldar, kulturkveldar og festar.
5. Laget skal arbeide for eit miljø fritt for rusgifter.

§ 2 MEDLEMSKAP OG ÅRSPENGAR

1. Laget er medlem i Troms Ungdomsfylking (TUF) og Noregs Ungdomslag (NU).
2. Alle som vil fremme formålet til laget og betalar årspengar innan angitt tidsfrist; kan bli lagsmedlem.
3. Lagsmedlem som ikkje har fylt 14 år, er barnemedlem. (I det året ein medlem fyller 14 år, betalar han/ho årspengar for barn. Fulle rettar og pliktar har medlemmen frå den dagen han/ho fyller 14 år.)

§ 3 ÅRSMELDING

1. Arbeidet i laget skal følgje kalenderåret.
2. Laget sender årsmelding til fylkeslaget og Noregs Ungdomslag kvart år innan 15. februar.

§ 4 ÅRSMØTET

1. Årsmøtet skal haldas innan 10. februar og skal kunngjeras på eit lagsmøte minst 14 dagar på førehand. Samstundes skal saklista kunngjeras og vedtakas.
2. Særskild årsmøte skal haldas når årsmøtet, lovleg innkalla lagsmøte, styret eller 1/3 av medlemane krev det.
3. Følgjande saker skal leggas fram for årsmøtet:
 - årsmelding
 - revidert rekneskap

Lov for Bundeungdomslaget i Harstad.

- arbeidsprogram
 - årspengar for neste år
 - budsjett
 - høgste sum for pengeløyvingar som a) styret og b) lagsmøte kan vedta
 - val av tillitsfolk.
4. Medlemar og nemnder kan seinast 1 måned før årsmøtet vende seg til styret med eventuelle saker til årsmøtet. Årsmøtet kan berre gjere vedtak i saker som er oppsett på lovleg utsendt innkalling.
 5. Årsmøtet konstituerer seg med godkjenning av innkalling og saksliste, val av ordstyrar, referent og 2 medlemar til å skrive under møteprotokollen.
 6. Årsmøtet vel leiar, 4 styremedlemar og 3 varamedlemar, revisor, valnemnd på 3 medlemar og kan velge dei arbeidsnemnder og tillitsfolk som det til ein kvar tid er bruk for.
 7. Leiaren blir valt særskilt for 1 år om gongen.
 8. Styremedlemane blir valde for 2 år om gongen, slik at 2 står på val kvart år. Er det tvistemål om kven som står på val, blir det avgjort ved loddtrekning kven som skal vere i styret for 2 år framover.
 9. Varamedlemar, revisor, valnemnd og andre tillitsfolk veljas for 1 år om gongen.
 10. Utsendingar til årsmøtet i Noregs Ungdomslag og Troms Ungdomsfylking skal veljas på eit lagsmøte etter framlegg frå styret.
 11. For drøftingane, val og avstemmingar gjeld dei same reglane som for årsmøtet i Noregs Ungdomslag.

§ 5 STYRET

1. Styret vel seg imellom nestleiar, sekretær og kasserar. Varamedlemane innkallas til styremøta.
2. Styret skal:
 - tilretteleggje alle saker og forslag for årsmøtet, lagsmøte og andre møte og sørge for innkalling til møta
 - gjere framlegg for laget
 - skaffe midlar til lagsdrifta i samarbeid med lagsmedlemane, føre protokoll for styremøte og lagsmøte, velje utsendingar til særgreinsmøte og møter i andre organisasjonar laget er med i
3. Styret er ansvarleg for den daglege drifta i laget og at eiga til laget blir styrt på beste måten, at eiga er tilfredsstillande forsikra og at god sømd og framferd rår der laget samlas. Styret har ansvar for at studieleiararbeidet blir ivaretatt.
4. Styret er vedtaksfør når minst halvparten av medlemane er til stades og stemmer.

Lov for Bundeungdomslaget i Harstad.

5. Alle framlegg om pengeløyvingar utanom den vanlege lagsdrifta, eller tiltak som bind laget for meir enn ein dei to summene som årsmøtet fastset, skal vedtakas på eit
 - a) lagsmøte
 - b) særskilt årsmøte

med 2/3 fleirtal av dei frammøtte medlemmane.

§ 6 OPPLØYSING OG TRYGGING AV EIGA

1. Laget kan ikkje løysas opp så lenge fem medlemmar vil halde det i gang. Blir laget lagt ned eller skifter føremål, skal laget si eiga gå til styret i fylkeslaget, som tar vare på eiga til laget kjem i gang at, eller det blir skipa nytt lag på staden som fyller krava til medlemskap i Noregs Ungdomslag.
2. Går det over 15 år frå eiga er teken over og laget ikkje er kome i gang att, eller det ikkje er skipa nytt godkjent lag på staden, skal eiga nyttas til beste for ungdomsarbeid på staden. Fylkeslaget / Noregs Ungdomslag tek avgjerd om måten eiga skal nyttas i samråd med politisk ansvarleg utval for kultur i kommunen der laget høyrde heime.
3. Lova til Noregs Ungdomslag gjeld når ein skal avgjere om laget er lagt ned eller har skifta formål.
4. Utgiftene til styring av eiga skal betalast av eiga.
5. Ungdomshus, anna fast lagseige og andelar i fast eigeendom kan ikkje avhendast utan samtykke frå styret i Noregs Ungdomslag. Det same gjeld bortleige på åremål av ungdomshus og anna fast lagseige.

§ 7 STEMMERETT

Alle medlemmar over 14 år som har betalt årspengar for siste år og har vore medlemmar i laget i ein månad, har stemmerett i lagssaker.

§ 8 LOVENDRING

1. Denne lova kan berre endras på eit årsmøte med 2/3 fleirtal av dei frammøtte medlemmane.
2. Framlegg til endring må vere kome til styret minst to månader før årsmøtet, og skal drøftast på eit lagsmøte minst 14 dagar før årsmøtet.
3. Endringar av lova må godkjennast av fylkeslaget.